



Alver kommune ved byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8362 - 20/36391

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
16.06.2020

Uttale søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - Gbnr 188/295 Gjervik Ytre - garasje

Tiltak: Garasje
Byggestad: Klubben 76 – gbnr 188/295
Tiltakshavar: Håkon Dalland
Ansvarleg søker: Håkon Dalland

Saka gjeld søknad om løyve til å etablere garasje i byggegrense mot veg.

Informasjon om saka:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning fekk ei førespurnad om uttale på søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg frå byggesak 22.04.2020. Vegmynde var da negativ til dispensasjonen da tiltak var plassert i siktsone til eigen avkjørsle og avkjørsle som er etablert på gbnr 188/315. I uttalen vart det opplyst om at vegmynde ikkje har heimel til å gje dispensasjon frå krav til sikt. Garasje skal difor være plassert slik at den ikkje kjem i konflikt med siktsoner.

I e-post, datert 14.06.2020, har søker sendt inn nytt situasjonskart (datert 13.05.2020) som viser garasje plassert utanfor avkjørslane sine siktsoner.

Uttale - ny plassering av garasje:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning er positiv til å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for garasje med denne plasseringa på vilkår:

- Minste avstand mellom tiltak (takutstikk) og midt kommunal veg skal være minimum 3,6 meter.
- Garasjen skal være plassert slik at den ikkje kjem i konflikt med tekniske krav til avkjørler som er fastsett av vegdirektoratet i Veglova § 43, vegnormal N100 og forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørler fra offentlig veg». Det vert blant anna sett krav til sikt og svingradius.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

- Ei føresetnad for dispensasjonen er at det vert gitt byggeløyve for tiltaket etter plan og bygningslova.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det oppstår skade på tiltak, som følgje av tiltaket sin plassering i forhold til veg, er dette kommunen uvedkomande. Eigar av tiltak må sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune ved byggesak